



Ørjan Myrtvedt Kallekleiv
Valestrandsvegen 306
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/2485 - 23/19090

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
28.08.2023

137/53 Valestrand - Gjeld søknad om oppføring av mur


Tiltak: Oppføring av støttemur
Eigedom: Gbnr: 137/53
Tiltakshavar: Ørjan Myrtvedt Kallekleiv

Kommunen syner til søknad motteken 18.08.2023.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdereguleringsplanen for Valestrand sentrum planID 4630_2011003 er definert som byggeområde bustad B38.

Utsnitt frå plankart:



Det er mellom anna regulert byggegrense mot veg, sjå stipla linje.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon for oppføring av mur i strid med regulert byggegrense, jf. områdereguleringsføresegn nr. 1.67, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7 nr. 2, jf. plan- og bygningslova § 19-2.
2. Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrettar, jf. plan- og bygningslova § 20-3, jf. plan- og bygningslova §§ 23-1, 23-3, 23-4, 23-5 og 23-6.
3. Oppdatert situasjonsplan, som syner plassering av tiltaket i høve til gjeldande plan, jf. forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav e og m.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

137-53 plan 1-500

Mottakar:

Ørjan Myrtvedt Kallekleiv Valestrandsvegen 306 5281 VALESTRANDSFOSSEN